

## Uttale frå Stranda hamnevesen KF på vegne av Stranda kommune

---

### **Forslag til forskrift om endring av forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretninger**

Vi viser til ny høyring datert 29.10 2018.

Det overordna arbeidet og samordning av nasjonale tiltak som gjeld klima og miljø, støttar vi fullt ut. Vi ynskjer å samarbeide med statlege styresmakter i det vidare arbeidet med å utvikle løysingar og reguleringar som bidreg til stadig skjerpa miljøtiltak, men som også gjev oss ein fleksibilitet som er heilt nødvendig for å ta vare på arbeidsplassar og verdiskapning i ei omstillingsfase.

Det er ikkje tvil om at vi må gjere meir for å premiere låg- og nullutsleppsteknologi i skipsfarten og ha eit nasjonalt regelverk som sørgjer for strengare krav til klima- og miljø for fartøy i heile Norge og ikkje berre Verdsarvfjordane. Dette fordi Stranda hamnevesen KF er opptekne av at hamner skal ha rammevilkår og like konkurransevilkår, som ikkje berre bidreg til berekraftig og verdiskapande utvikling, men også gjev størst miljøeffekt.

**Stranda hamnevesen KF, på vegne av Stranda kommune meiner at:**

**Reguleringane som blir foreslått av Sjøfartsdirektoratet og som skal gjelde kun for Verdsarvfjordane frå 1. januar 2019, er fornuftige fordi:**

- Dette er tiltak Stranda hamnevesen KF har etterspurt og arbeidd for i lengre tid. Det er også sendt inn ei betydelig mengde dokumentasjon siste 2 åra på utfordringane vi har hatt med utslepp til luft. Dette gjeld også for lokal båttrafikk.
- Det er ei stor omdømmeutfordring at turistar, lokalbefolkning og media ikkje greier å skilje på kva som er forureining og kva som er vandamp.
- Når det gjeld endringsforslaget som gjeld bruk av drivstoff med eit maksimalt svovelinnhald på 0,10 vektprosent og forbod mot bruk av eksosvaskesystem (scrubbers), så er det svært viktig at reguleringne vert innført frå 1. januar 2019. Forbodet må omfatte både lukka, åpne og hybride eksosvaskesystem.
- Geirangerfjorden ligg i dag utanfor området for lavutslepp som gjeld sør for 62.breiddegrad. jf. MARPOL regel V/.14.6.1 og VI/ 14.3 og det er viktig at området vert omfatta av same regleverket som «Emission Control Areas (ECA ) som er spesielle områder med strengare krav til luftutslepp frå skip.

Vi viser elles til vår utale av 19. august 2018 i samband med høyringa som vart sendt ut 4.juni 2018 om forslag til forskrift om endring av forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretninger.

Utkast til forskrift synes å vere godt gjennomarbeidd og vi støttar endringsforslaga som må gjelde frå 1. januar 2019.

1. «Forslag om at drivstoff som brukes mens skipene er i verdensarvfjordene har et maksimalt svovelinnhold på 0,10 vektprosent, og forslag om at bruk av eksosvaskesystem (scrubbers ) ikke skal være tillatt.
2. Forbud mot forbrenning av avfall om bord i verdensarvfjordene
3. Dispensasjonsmulighet fra NOx-kravene  
Forslaget om at Sjøfartsdirektoratet etter skriftlig søknad fra et rederi kan gi dispensasjon til et skip fra Nivå I- kravene i MARPOL regel VI/13, dersom det kan dokumenteres at skipet vil innfri Nivå III-kravene senest fra 1. januar 2022, vil etter Sjøfartsdirektoratets vurdering ha positive konsekvenser, og legge til rette for at skip tidligere oppfyller Nivå III-kravene.»

Dato: 20 november 2018

Venleg helsing

Stranda hamnevesen KF på vegne av Stranda kommune

**Olav Bratland**

Sign.

Styreleiar

**Rita Berstad Maraak**

Sign.

Hammesjef

Brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har difor ikkje signatur.